
Vår referanse 2020/49965-9
Dato 18.06.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Trekkjer klage - Bruksendring - Gnr 1 bnr 80, 285 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, syner til klage på vedtak datert 22.05.2020.

Etter henvending frå tiltakshavar med anmodning om å trekkje klaga, samt forslag til avtale, har vi gått gjennom saka på nytt og komme fram til at vi trekkjer klaga.

Vilkår for å trekkje klaga

1. Tiltakshavar må inngå avtale med Alver kommune om disponering av parkeringsareal og eventuelt tilbakeføring etter arbeid med den kommunale gang- og sykkelvegen som er planlagt i området.
2. Arealet sett av til mellombels anlegg- og riggområde i reguleringsplan *Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy*, planID 1256_20160002, må ved behov kunna disponerast som anlegg- og riggområde.
3. Tiltakshavar må saman med Alver kommune finne ei løysing for parkering i tilknytning til næringsverksemda i anleggsperioden som ikkje baserar seg på å nytte offentlege p-plassar, verken i dagens situasjon eller for framtida når innfartsparkeringa er etablert. Løysinga må vere av ei slik art at den ikkje medfører parkering langs vegen, snuhammar eller andre stader knytt til vegen som ikkje er eksplisitt avsett til parkering for næringsverksemda.

Bakgrunn for avgjerda

I forbindelse med reguleringsplan for nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering i Nordhordlandspakken er det regulert inn ny gang- sykkelveg forbi området kor det er søkt om parkeringsareal. Sjølv om alt inngår i same reguleringsplan er det kun sjølv knutepunktet og innfartsparkeringa som er planlagt opparbeida i næraste framtid. Det er usikkert når gang-sykelvegen skal realiserast. Det er i forbindelse med bygging av gang- sykkelvegen at det omsøkte parkeringsarealet kjem i konflikt med riggområde. Parkeringsarealet ligg langs kommunal veg og det er i tillegg usikkert kven som blir tiltakshavar på etableringa av gang- sykkelvegen. Avtalen om at parkeringsareala skal kunne nyttast som parkeringsareal og ved behov som anlegg- og riggområde må difor gjerast med Alver kommune.

Vi ser positivt på initiativet til tiltakshavar men er likevel bekymra for konsekvensane det kan ha å leggje til rette for næringsverksemd med tilhørande parkering kor parkeringsmoglegheitene midlertidig blir redusert eller fell heilt vekk. Det er difor stilt krav om at tiltakshavar saman med kommunen finn ei løysing i tråd med vilkår 3 - tre.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Jens Bjordal